



### MØTEBOK

**Møtedato:** 16.03.2015

**Møtetid:**

Kl. 10:00 – 11:40

**Møtestad:** Heradshuset

**Saksnr.:**

**001/15 - 005/15**

<b>Desse medlemmene møtte:</b>	<b>Parti</b>
Olav Moritsgård	
Sigrunn Lundestad	
Arnfinn Ommedal (på deler av møtet)	
Hans Myklebust	
Arnfinn Brekke	Krf

<b>Forfall/møtte ikkje</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>	<b>Parti</b>
Karoline Råd		Olav Felde	
Kristin Sandal	Sp	Dagfinn Nyhammer	H

<b>Ugilde</b>	<b>Sak</b>	<b>§ i forv.lova</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>

<b>Møteleiar:</b>	Olav Moritsgård
<b>Frå adm. møtte:</b>	– Sekretær Arne Eikenes – Helse- og omsorgssjef Anita Lothe i sakene 3/15 og 5/15 – Teknisk sjef Kjell Petter Solhaug i sak 2/15
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Orientering:</b>	Sjå sak 2/15!
<b>Sp.mål/interpell.:</b>	
<b>Synfaring:</b>	
<b>Diverse:</b>	Sakene 2/15, 3/15 og 5/15 vart behandla i sammøte med rådet for funksjonshemma

Underskrifter:

\_\_\_\_\_  
Olav Moritsgård

## SAKLISTE

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/15	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
002/15	Referat og orienteringssaker
003/15	Velferdsteknologi - orientering om arbeidet med dette i Gloppen kommune
004/15	Årsmelding 2014 - Gloppen eldreråd
005/15	Evaluering av dagens ordning - eldrerådet i Gloppen



### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
Eldrerådet	16.03.2015	001/15

<b>Avgjerd av:</b> Eldrerådet	<b>Arkiv:</b> 033	<b>Arkivsaknr.:</b>
<b>Saksbehandlar:</b> Jan Kåre Fure	<b>Objekt:</b>	15/376-1

### Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Møteboka frå eldrerådet sitt møte den 8. desember 2014 blir lagt fram til godkjenning.

Samstundes ber leiaren i rådet om godkjenning av innkallinga og saklista til dette møtet.

#### LEIAREN SI TILRÅDING:

1. Eldrerådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 8. desember 2014
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 16. mars 2015.

### 16.03.2015 ELDRERÅDET

#### 001/15 VEDTAK:

1. Eldrerådet godkjenner møteboka frå sitt møte den 8. desember 2014
2. Eldrerådet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 16. mars 2015.

Vedtaket var samrøystes.



### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr.
Eldrerådet	16.03.2015	002/15

<b>Avgjerd av:</b> Eldrerådet <b>Saksbehandlar:</b> Arne Eikenes	<b>Arkiv:</b> 033 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/375
---	-------------------------------------	-------------------------------

### Referat og orienteringssaker

#### Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	15/1196	I	29.01.2015	Helse Førde	Rapport - samhandling om utskriving av pasientar i Sogn og Fjordane

Rapporten ligg ved.

#### RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

#### **16.03.2015 ELDRERÅDET**

Rådet fekk orientering av teknisk sjef om utbygginga av Gloppen ungdomsskule.

#### 002/15 VEDTAK:

Eldrerådet tar rapporten frå Helse Førde til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Eldrerådet	16.03.2015	003/15
Rådet for funksjonshemma	16.03.2015	003/15
Helse- og omsorgsutvalet	17.03.2015	009/15

<b>Avgjerd av:</b> Helse- og omsorgsutvalet <b>Saksbehandlar:</b> Anita Lothe	<b>Objekt:</b> <b>Arkiv:</b> 233 F00	<b>Arkivsaknr.:</b> 14/708-18
--	---	----------------------------------

## Velferdsteknologi - orientering om arbeidet med dette i Gloppen kommune

### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
239143	Velferdsteknologi - status for velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane
239151	Velferdsteknologi - status i kommunane i Sogn og Fjordane, Vestlandsforsking-rapport nr. 11/2014

### Bakgrunn for saka:

Saka er ei oppfølging av ei tidlegare orienteringssak i helse- og omsorgsutvalet 11.03.2014 - «Framtidas omsorg».

Arbeidet med velferdsteknologi i Gloppen kommune er planlagt noko endra, difor denne orienteringa.

Generelt kan ein seie at vi arbeider med å utvikle tenestene i helse og omsorg i Gloppen kommune for å møte framtidens utfordringar. Noko av det vi arbeider med og har plan om å arbeide med er:

- Velferdsteknologi
- Kvardagsrehabilitering
- Frisklivssentral
- Fallførebyggande treningsgrupper
- Utvikling av korttid- og rehabiliteringsavdeling, med fokus også på øyeblikkeleg hjelp døgntilbod i kommunen.
- Førebyggande heimebesøk - politisk vedtak om å vurdere metoden
- Frivillige sin innsats utgjør eit viktig bidrag i Gloppen i dag – det er ynskjeleg å vidareutvikle dette.

I 2014 fekk Gloppen kommune tildelt fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til arbeid med velferdsteknologi i Gloppen kommune. Av ulike årsaker hadde ein ikkje den framdrifta i prosjektet som var planlagt. Helse- og omsorgssjefen søkte difor i haust om å få overføre midlane kr 160 000 til 2015. Dette for å få tid til å planlegge og gjennomføre dei aktivitetane som var planlagt. Det vart også gjort nokre endringar i forhold til dei planlagde aktivitetane i søknaden.

Søknaden vart innvilga og vi er no i gang med arbeidet i kommunen. I tillegg er også Gloppen kommune med i arbeidsgruppa i det fylkesdekkande prosjektet «Velferdsteknologi for kommunane i Sogn og Fjordane». Vi har delt våre erfaringar frå det arbeidet vi har gjort så langt i prosjektet med fleire kommunar som har etterspurt dette. Prosjektet velferdsteknologi i Sogn og Fjordane arrangerer samling for alle kommunane i Sogn og Fjordane.

Vi har rekruttert ein medarbeidar internt i kommunen til å arbeide med dette i ei deltidstilling. Vedkommande skal drive prosjektet i lag med helse- og omsorgssjef og andre einingsleiarar og tilsette.

Aktivitetane som er planlagde er:

### **Utarbeide oversikt over aktuelle hjelpemidler/utstyr og teknologiske løysingar som er aktuelt å prøve ut**

Vi har utarbeidd ei oversikt over ulike hjelpemiddel/utstyr og teknologiske løysingar som ein bør vurdere hjå den enkelte pasient. Ulike hjelpemiddel kan forenkle kvardagen, bidra til ein meir aktiv kvardag og auke tryggleiken for den enkelte. Noko av utstyret og hjelpemidla kan søkast om via hjelpemiddelsentralen. Søknader til hjelpemiddelsentralen må begrunnast ut i frå funksjonssvikt i forhold til daglege aktivitetar. Noko utstyr og hjelpemiddel må kjøpast privat. Dette er til dels diagnose-avhengig.

### **Opparbeide kompetanse på velferdsteknologi blant kommunen sine tilsette**

Vi er i gong med arbeidet med å utarbeide eit undervisningsopplegg om velferdsteknologi. Dette er tenkt å skulle gje ei generell forståing av kva velferdsteknologi er. I tillegg vil ein ha fokus på ein del hjelpemidler og teknologiske løysingar som kan takast i bruk i pasientens heim i dag, utan behov for store omleggingar. Kjennskap til desse blant dei tilsette er viktig for å motivere pasientane til å ta dei ulike løysingane i bruk.

Ved å ta i bruk hjelpemiddel og teknologiske løysingar tidleg kan ein forebygge ytterlegare hjelpebehov og skape trygge og sjølvstendige pasientar. Det kan også bidra til å utsette eit framtidig hjelpebehov. Kanskje kan trygging-besøk kan i nokre tilfelle erstattast av hjelpemiddel. Det handlar om tidleg innsats og forebyggjande tenkning både blant dei tilsette og pasientane.

### **Nettbrett i heimetenestene**

Vi er i gang med arbeidet med å ta i bruk nettbrett i heimetenestene. Dette gjev tilgang på pasient-journal når ein er ute hos pasient og kan bidra til å sikre kvaliteten på tenestene og effektivisere arbeidet. Vi vil arbeide vidare for at dette vert tatt i bruk og nytta som planlagt.

### **Opplyse om og presentere hjelpemiddel og teknologiske løysingar som er tilgjengelege i kommunen for innbyggjarar og brukarar**

Vi vil arbeide med å få på plass ein demonstrasjonsarena i kommunen. Vi vil invitere med NAV og private bedrifter i dette arbeidet.

Vi planlegg folkemøte for å opplyse om velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering og tenking om tidleg intervensjon. Her vil vi også invitere med ulike leverandørar, politikarar, legar, fysioterapeutar, ergoterapeutar og andre som er viktige i dette arbeidet. I tillegg skal vi informere om velferdsteknologi på ulike tilstellingar og i ulike lag og organisasjonar i kommunen.

### **Utprøving av medisinerings-dosettar**

Vi har kjøpt inn nokre medisin-dosettar som kan bidra til at pasientane vert meir sjølvstendige i fht å administrere eigen medisin. Den gjev påminning om å ta medisinen og kan varsle dersom medisinen ikkje vert tatt ut av dosetten. Vi skal prøve ut desse i prosjekt-perioden for å få erfaringar med denne typen hjelpemiddel.

**Arbeide for å få kjøpt inn ein Motiview - trimsykkel med tilhøyrande film på Oreteigen**  
Motiview er eit motivasjonsverktøy som stimulerer eldre og andre til økt fysisk aktivitet. Ved hjelp av levande bilde og lyd kan pasientane reise på sykkeltur i kjende omgjevnader. Denne aktiviteten kan gje helsegevinstar som betre mobilitet, auka matlyst, betre søvn, trivsel m.m. Det er gode erfaringar frå andre kommunar med dette rundt om i landet.

**RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

..... tar saka til orientering.

**16.03.2015 ELDRERÅDET**

**003/15 VEDTAK:**

Eldrerådet tar saka til orientering, og ber om å bli halden orientert vidare om arbeidet med innføring og bruk av velferdsteknologi.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Eldrerådet	16.03.2015	004/15

<b>Avgjerd av:</b> Eldrerådet	<b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr.:</b>
<b>Saksbehandlar:</b> Arne Eikenes	<b>Arkiv:</b> 004	15/272-4

## Årsmelding 2014 - Gloppen eldreråd

Ingen vedlegg

### Bakgrunn for saka:

Etter § 2-1 i eldrerådet sitt reglement skal det utarbeidast årsmelding for eldrerådet sitt arbeid. Årsmeldinga blir lagd fram for kommunestyret til orientering.

## Årsmelding for Gloppen eldreråd 2014

### Samansetning

For perioden 2012 - 2015 ser eldrerådet i Gloppen slik ut:

Leiar	Olav Moritsgård	(Gloppen pensjonistlag)
Nestleiar	Karoline Råd	(Breim pensjonistlag)
	Sigrunn Lundestad	(Gloppen pensjonistlag)
	Hans Myklebust	(Breim pensjonistlag)
	Arnfinn Ommedal	(Hyen pensjonistlag)
	Arnfinn Brekke	Leiar i helse- og omsorgsutvalet
	Kristin Sandal	Leiar i kultur- og miljøutvalet

Sekretær for eldrerådet i 1. halvdel av 2014 var sekretariatsjef/rådmann Jan Kåre Fure. Konsulent i sekretariatet, Arne Eikenes, var sekretær for rådet i 2. halvår i -14.

### Arbeidet i rådet

I 2014 har eldrerådet hatt fem møte, med til saman 24 saksnummer. Eldrerådet har mellom anna gjeve uttale til desse sakene:

- Eit framlegg til å gjere Noreg enklare – om fornying av førarkort
- Betre akutthjelp i psykisk helsevern, samhandlingsprosjekt i Nordfjord
- Midlar til nye kommunale bustader for vanskelegstilte
- Tilknytning til legevaktsentral for legevakta i Gloppen kommune
- Hovudlinjer for morgondagens omsorg i Gloppen
- Ny kommunestruktur: Oppstart av arbeidet med kommunereforma
- Økonomiplan for 2015 – 2018, inkludert årsbudsjett for 2015 – endeleg behandling
- Gebyr og betalingssatsar for 2015

I tillegg har eldrerådet fått orientering om

- søknad om midlar til- og særavtale for akutt hjelp med døgnopphald
- arbeidet med kommunalt tilbod for akutthjelp med døgnopphald
- prosjekt «Auka livsglede og inkluderande fellesskap gjennom frivillig arbeid



**Rådmannen si vurdering:**

Framlegget til årsmelding er skreven på vegner av leiaren i eldrerådet, og det er hans utkast som blir lagt fram.

**LEIAREN I ELDRERÅDET SI TILRÅDING.**

Eldrerådet godkjenner leiaren sitt framlegg til årsmelding for 2014 slik ho ligg føre i denne saka.

**16.03.2015 ELDRERÅDET****004/15 VEDTAK:**

Eldrerådet godkjenner leiaren sitt framlegg til årsmelding for 2014 slik ho ligg føre i denne saka.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
<b>Styre, utval, komite m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Eldrerådet	16.03.2015	005/15

<b>Avgjerd av:</b> Eldrerådet	<b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr.:</b>
<b>Saksbehandlar:</b> Jan Kåre Fure	<b>Arkiv:</b> 033	11/1175-39

## Evaluering av dagens ordning - eldrerådet i Gloppen

### Vedlegg:

Dok.nr        Tittel på vedlegg  
243254        Reglement for eldrerådet

### Bakgrunn for saka:

Til hausten er det kommunestyre- og fylkestingsval, og etter dette skal det veljast nye råd og utval for komande valperiode.

Som ei førebuing til dette, ber rådmannen eldrerådet tenkje gjennom siste valperiode, seie noko om denne og kome med framlegg om eventuelle endringar i organiseringa og samansettinga av eldrerådet.

### Saksutgreiing:

Eldrerådet er eit lovpålagt organ etter lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd frå 1991. Om kommunale eldreråd heiter det i kapittel I i lova:

#### *§ 1.(Skiping av kommunale eldreråd)*

I kvar kommune skal det vere eit eldreråd som skal veljast av kommunestyret for valperioden.

Departementet kan gjere unntak frå regelen i første leden når kommunen vil ha eldreråd for geografisk avgrensa område innan kommunen. I kommunar der oppgåvene som gjeld eldre er overført til kommunedelsutval, skal det vere eldreråd i alle kommunedelar. For slike eldreråd ivaretek kommunedelsutvala dei rettar og plikter som etter denne lov er lagt til kommunestyret. Eldreråd for geografisk avgrensa område skal ha same arbeidsområde som omhandla i § 3. I slike høve skal det og veljast eit sentralt eldreråd.

#### *§ 2.(Val og samansetjing av kommunale eldreråd)*

Kommunestyret avgjer kor mange medlemmer eldrerådet skal ha. Reglane om høvetalsval i §§ 36 og 37 i lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992 nr. 107 gjeld ikkje ved val av eldreråd.

Pensjonistforeiningar har rett til å koma med framlegg om medlemmer til eldrerådet. Fleirtalet av rådsmedlemmene skal vere alderspensjonistar i kommunen.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

#### *§ 3.(Oppgåvene for kommunale eldreråd)*

Eldrerådet er eit rådgevande organ for kommunen.

Alle saksdokumenta skal leggjast fram for rådet i god tid før kommunestyret handsamar sakene.

Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levekåra for eldre.

Eldrerådet kan sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen. Protokollen frå rådsmøtet skal fylgje saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

*§ 4.(Andre føresegner for kommunale eldreråd)*

Kommunen skal skipa høveleg sekretariathjelp for rådet.

Eldrerådet har rett til å uttale seg før kommunestyret skipar sekretariat, vedtek budsjett for rådet, og gjev utfyllande reglar for saksførehavinga i rådet.

Reglane i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner gjeld tilsvarende for verksemda i eldrerådet så langt ikkje anna går fram av denne lova.

Eldrerådet skal kvart år utarbeide ei melding om verksemda si. Meldinga skal leggjast fram for kommunestyret.

*§ 4 a.(Skiping av felles råd med menneske med nedsett funksjonsevne)*

Kommunane kan vedta å opprette felles råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Kommunestyra vedtek mandatet for og samansetjinga av råda. Ved val av representantar for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal organisasjonane deira ha rett til å kome med framlegg. Leiaren og nestleiaren for rådet blir oppnemnde av kommunestyret. Elles gjeld reglane i denne lova og lov 17. juni 2005 nr. 58 om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. så langt dei høver.

## **Økonomiske konsekvensar for kommunen:**

Ikkje i noko omfang.

## **Rådmannen si vurdering:**

Rådmannen ber i denne omgang eldrerådet vurdere korleis rådet har fungert i denne valperioden, og om rådet har framlegg til andre måtar å organisere arbeidet på.

Rådmannen ber eldrerådet uttale seg om ei eventuell samanslåing av eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne slik § 4 a i lova om eldrerådet opnar for. Dette er eit framlegg som har vore oppe tidlegare, og spørsmålet vil bli stilt på nytt.

## **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

## **16.03.2015 ELDRERÅDET**

### **005/15 VEDTAK:**

Eldrerådet ønskjer at ordninga i dag med to råd blir vidareført i neste periode.

Det er naturleg at eldrerådet og rådet for funksjonshemma kan vere i lag ved ulike orienteringar etc., men prinsipielt ønskjer eldrerådet at begge råda skal eksistere vidare.

Vedtaket var samrøystes.